



Lokal særavtale

Til: Asbjørn Tverberg, HTV, Astrid Fossheim Paulsen, Barbro Os Noste, HTV, Merete Nerland, HTV

Kopi til:

Vår sakshandsamar:
Heidi Kroken Bruland

Vår ref:
22/25802

Dato:
23.08.2022

Lokal særavtale for brann- og redningstenesta i Stad kommune i perioden 01.01.2023 - 31.12.2024

Heimelgrunnlag

Stad kommune, Fagforbundet, Tekna og NITO har den 19.08.2022 inngått lokal særavtale om brann- og redningstenesta i Stad kommune med heimel i SFS 2404 pkt. 1.3 jf. hovudavtalen § 4-5 og § 4-6.

Verknadstidspunkt og varigheit

Særavtalen gjeld for perioden 01.01.2023 – 31.12.2024.

Særavtalen kan seiast opp av begge partar med ein gjensidig oppseiingsfrist på tre månadar. Dersom avtalen ikkje er sagt opp innan fristen sitt utløp, fornyast avtalen for eitt år om gangen med same gjensidige oppseiingsfrist.

Løn- og arbeidsvilkår

Løn- og arbeidsvilkår for brann- og redningstenesta følgjer den til ei kvar tid gjeldande SFS 2404 og hovudtariffavtale for kommunane. Elles gjeld dette:

Brannmannskap får eit lønstilllegg på 0,65 % av til ei kvar tid gjeldande fagarbeidarløn med full ansiennitet fastsett i tariff (inkluderer risikotillegg som utgjekk i sin opphavlege form med verknad frå 01.01.2017, jf. SFS 2404 2016).

Røykdykkar får eit årleg kompetansetillegg på 4.000,- pr. år.

Utrykkingsleiar får eit lønstilllegg på 2,65 % av til ei kvar tid gjeldande fagarbeidarløn med full ansiennitet fastsett i tariff.

Brannbefal/overordna vakt får eit lønstilllegg på 2,65 % av til ei kvar tid gjeldande fagarbeidarløn med full ansiennitet fastsett i tariff



Dersom det seinare vert fastsett tillegg i SFS 2404 som nemnt overfor, fell tilleggga vekk eller vert justert høvesvis.



Lommevarslartillegget utgjer 5,8 % av til ei kvar tid gjeldande fagarbeidarløn med full ansiennitet fastsett i tariff, jf. SFS 2404 pkt. 5.4.


Deltidspersonell i beredskap utan vaktordning får ei årleg godtgjering på 1,5 % av til ei kvar tid gjeldande fagarbeidarløn med full ansiennitet fastsett i tariff jf. SFS 2404 pkt. 3.3.

Tillegga er ikkje justert etter stillingsprosent og vert utbetalt månadleg.

Nordfjordeid, 19.08.2022


Astrid Paulsen
Kommunalsjef

Asbjørn Tverberg
TV NITO


Heidi Kroken Bruland
Personalsjef

Merete Nerland
TV Tekna


Barbro Os Noste
HTV Fagforbundet